

Arkivforbundets høyringsinnspel til Nasjonal bevaringsplan for privatarkiv knytt til nynorsk skriftkultur 2025-2029

Innleiing

Arkivforbundet mottok den 21. januar 2025 eit førebels plandokument for bevaringsplan for privatarkiv knytt til nynorsk skriftkultur 2025-2029, med svarfrist den 5. februar. Som forbund er me opptatt av å styrka private arkivinstusjonar som har fått eit nasjonalt oppdrag. Arkivforbundet har i sin handlingsplan nedfeldt at me vil bidra til ei styrking av midlar til dei som er tildelt eit nasjonalt sektoransvar innan privatarkiv. For å trygga privatarkiv knytt til nynorsk skriftkultur ønsker me i tillegg styrka driftsstøtte til arkivoppgåver til Nynorsk kultursentrum.

Støttar innretninga og planarbeidet

Innhenting av informasjon, i tillegg til avgrensing av kva område ein skal samla inn arkiv frå verkar fornuftig. På den måten kan ein få oversikt over kva som er bevart, og kva som manglar, slik at ein seinare kan leggja ned ekstra innsats der det trengst. Dette vil føra til bevaring av ein betre breidde av arkiv. Arkivforbundet er samd i at samarbeid og koordinering er viktig, og at det også bør samlast inn arkiv knytt til nynorsk skriftkultur frå andre institusjonar. Her er bevaringsplanen i samsvar med tidlegare planarbeid frå Skeivt arkiv og samisk bevaringsplan for privatarkiv. Begge framhevar verdien av samarbeid, og at alt ikkje må samlast inn frå dei. Arkivforbundet meiner bevaringsplanen for privatarkiv knytt til nynorsk skriftkultur framstår som gjennomtenkt og med gode avgrensingar.

Administrative ressursar

Oppgåvene som er tildelt Nynorsk kultursentrum frå Arkivverket, med tanke på koordinering og omfangsområde, er arbeidsfelt Arkivverket elles måtte ha løyst og jobba med sjølv med eigne ressursar. Arkivforbundet hadde gjerne sett at det blei sett av ein sum til arkivarbeidet som vart øyremarka Nynorsk kultursentrum. Dette for å sikra stabilitet i arkivarbeidet også i framtida. I bevaringsplanen viser ein til at utan ressursar vil ikkje denne planen kunne gjennomførast. Me ønsker derfor å gje vår støtte til at Nynorsk kultursentrum får økonomisk bistand til arkivarbeidet. Arkivforbundet vil samstundes oppmoda om at arkiv blir prioritert av institusjonen i planperioden.

Adresse

Arkivforbundet
c/o Oslo Byarkiv
Maridalsveien 3
0178 Oslo

E-post

post@arkivforbundet.no

Telefon

Generalsekretær Kjetil Landrog
+47 996 94 577

Faktura-adresse

arkivforbundet@faktura.poweroffice.net

Organisasjonsnummer

978610692